



Trelastlageret ynskjer ikkje miljøstasjon ved bygget sitt.

**Uskedal Trelastlager ved Terje Myklebust har no sendt kommunen ein protest i samband med reguleringsplanen for Ivar Gundersen sitt bustadprosjekt i Nedre Halsabrotet.**

Firmaet har motteke melding om at det er tenkt parkering og felles miljøstasjon på det området som ligg mellom bygget til Uskedal Trelastlager og vegen opp til Halsabrotet byggjefelt.

I dei planar og kart dei har sett tidlegare er dette området regulert til næringsverksemd og miljøstasjon vil ikkje vera i tråd med gjeldande reguleringsplan.

Difor vil Uskedal Trelastlager protestera mot at miljøstasjonen vert plassert her.

Når det gjeld parkering har området til tider behov for auka kapasitet og Uskedal Trelastlager seier seg positive til at området vert opparbeidd til parkeringsplass.

Av Ola Matti Mathisen